

## **Den kvite rasen i verda**

Nei, det er ikkje lengre 1. april, men 3., og eg har ikkje blitt rasist og ultrahøgre på mine eldre dagar. Men i dag dukka det opp på fjasboka mi eit innlegg som eg trur dei færraste i Noreg ser, og i alle fall forstår, etter som det er skrive på polsk. Ho som spreier dette hører til det polske ultra-høgre-partiet Konfederacja Korony Polskiej, og overskrifta er at kvite no utgjør bare 10-15% av befolkninga i verda. Underforstått: Vi må forsvare dei kvite mot alle dei andre trugande farga folkeslaga.

I Noreg er det ikkje lengre stovereint å snakke om "den kvite rasen" eller om rasar i det heile. Men før eg seier noko om kvifor dette faktisk likevel har ei meinings, litt om statistikken som blir lagt fram i dette innlegget. Her i forkorta om omsett form:

*Inndeling etter regionar:*

*Europa*

*Befolkning: ~750 mln*

*Andel kvite: ~90%*

*Tal på kvite: ~675 mln*

*Nord-Amerika*

*USA: ~335 mln (kvite utgjør ~58% → ~195 mln)*

*Kanada: ~40 mln (kvite ~70% → ~28 mln)*

*Mexiko: ~130 mln (kvite ~10-15% → ~13-20 mln)*

*Sør-Amerika: ~150-160 mln kvite*

*Russland:*

*Befolkning: ~143 mln*

*Andel kvite: ~85%*

*Tal på kvite: ~120 mln*

*Australia og New Zealand*

*~22-23 mln kvite*

*Afrika*

*~5-6 mln kvite*

*Asia*

*~5-10 mln kvite*

*Samanfatning*

*I heile verda 800 mln - 1,2 mrd, kvite, eller 10-15% av den globale folkesetnaden.*

Så langt innlegget på Fjasboka. Heretter mine kommentarar. Eg hører allereie innvendingane: Det finst ikkje rasar, å snakke om den kvite rase er rasistisk osv. Og slik kan ein stikke hovudet i sanda og nekte å sjå det som ligg bak desse tala. For det ligg ein realitet bak, om ikkje akkurat slik dei polske nasjonalistane hadde tenkt.

Eg går her ikkje inn på definisjonane av kvite, dei kan diskuterast opp og ned. Vil bare slå fast at det finst trass alt nokre utvendige fysiske fellestrekks ved folk som blir oppfatta som kvite, og at dei fleste av desse ser seg sjølv som kvite i motsetning til dei svarte, brune, gule, raude og kva dei måtte oppfatte andre folkeslag som. Ser vi på statistikken over, ser vi at dei som her er rekna som kvite i andre verdsdelar alle har røter frå Europa. Dei er resultat av europeiske statar si kolonisering av land i Amerika, Asia, Afrika og Australia. I alle desse landa etablerte dei kvite europearane seg som eit herskande skikt. Om det også var vanlige arbeidarar blant dei, var desse ofte likevel priviligerte i forhold til arbeidarar eller slavar av andre folkeslag. Og som regel utvikla dei ein ideologi om at dei

var overlegne, anten dei spreidde det europeiske eller europeiskætta overherredømmet med sverd eller bibel eller begge delar. Det statistikken over ikkje seier, er at så godt som alle desse omlag 1 milliard kvite er kristne eller tilknytta den kristne tradisjonen, mens dei kristne utgjør eit klart mindretal av resten av verda.

Frå 14-/1500-talet har dei kvite erobra koloniar over heile verda. Bare nokre ganske få land i verda har aldri vore utsett for britisk kolonisering eller militære åtak. Tyskland, Belgia, Nederland, Frankrike, Spania, Portugal, Italia og Danmark har alle hatt koloniar i andre verdsdelar. Russland har kolonisert nesten halve Asia. Og meir på heimebane: Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Russland har alle bidratt i koloniseringa av Sápmi. All denne koloniseringa blei gjort av kvite, i område der befolkninga var eller blei rekna som ikkje-kvite.

EU er danna av kolonimakter. NATO er danna av kolonimakter og settlerstatar. Sjølv om begge organisasjonane er utvida kraftig, er dei i all hovudsak basert på den "kvite rasen". Vi har ikkje ein eigen statistikk over dette, men ut frå statistikken over, kan ein ganske lett oppsummere at rundt 80% av dei kvite bur i land tilslutta EU og/eller NATO, og at omlag 80% av befolkninga i EU/NATO-landa er kvit.

I dag blir ordet rasisme brukt og misbrukt om alt mogleg. Men opphavet til rasismen er i all hovudsak at den skulle forsvare den europeiske koloniseringa av resten av verda. Den kvite rasen blei overmenneska og dei andre blei undermenneska. Om rasismen ikkje lenger er offisiell statsideologi i noko land (med mogleg unnatak for Israel), så heng tankane og kjenslene knytta til dette igjen.

Det som manglar i statistikken over her, er økonomi. Koloniseringa betydde å knuse dei sjølvstendige økonomiane i dei koloniserte landa, og at kolonimaktene og kvite settlarar fikk kontroll over denne. Enorme rikdommar blei ført til kolonimaktene og dei koloniserte blei tvunge ut ned i fattigdom. Går vi omlag 50 år tilbake, var mesteparten av det formelle kolonisystemet avskaffa, men framleis hadde dei "kvite" landa langt større brutto nasjonalprodukt enn resten av verda til saman. Framleis er dei "kvite" landa i stor grad på topp i verda i inntekt pr. innbyggjar. (Det har skjedd store endringar i verdsøkonomien i seinare år, men det tar eg ikkje opp her.) Frå 1500-talet blei den kvite makta ofte spreidd med kristendommen som påskot, seinare blei det "demokrati" og "vestlige ideal". No heiter det at "vårt levesett" er truga, av muslimske innvandrarar og russisk invasjon. Mens etniske russarar i statistikken over er rekna som kvite, blir dei no til asiatiske horder, og i Ukraina utviklast det ein rasistisk nasjonalisme der ukrainarar er europearar og russarar asiatar.

Uansett om rasismen ikkje lenger er gangbar mynt, og nokre av dei gamle kolonimaktene og settlarstatane slepp til gallionsfigurar av andre "rasar", som eit par tidligare amerikanske presidentar og presidentkandidatar, ein tidligare engelsk statsminister og ein norsk stortingspresident, så heng det gamle verdsbildet i, det som er skapt av kolonialisme og rasisme. Og det er dette bildet, og økonomien og kulturen bak det, som er EU og NATO si oppgåve å oppretthalde. Derfor er det så skremmande at no alle norske stortingsparti befinner seg innafor dette bildet, innafor vår kvite norske og europeiske boble.

No har eg kanskje provosert nok for i dag og sett i gang litt debatt.